

17.mai programmet er i sal frå laurdag 9. mai.

08.05.2020



17. mai programmet vert lagt ut for sal frå laurdag 9. mai. Talen er alt filma og vert lagt ut digitalt på 17. mai. F.v: Viljar Simonnes Tveit, Hanna Tvilde og Thea Soltveit Taranger.

17. mai programmet er klart og vert lagt ut for sal laurdag 9. mai på SPAR og Gros Blomster. Ved kjøp av programmet er du med og støttar det store arbeidet 17. mai komiteen legg ned for å koma i hamn med ein annleis Nasjonaldag. Komiteen har ingen andre inntekter i år enn salet av programmet. Difor: Spring og kjøp og du er med i trekninga av flotte gevinstar sponsa av det lokale næringslivet. Kvinnherad Vekstbedrift har dekkja kostnadene med trykking av programmet.

Programmet kostar kr. 60,-. Du kan bruka VIPPS nr. 133436 tilhøyrande Uskedal Idrettslag.

17. mai komiteen har før skrive om programmet og det som er spesielt i ei koronatid. Forutan minnemarkeringane bed Bautasteinen og på Stemneplassen med berre aktørane og familiane deira, vert det rebus med postar i sentrum heile dagen og bilkortasje frå kl. 14.00. Rebusen er open for alle og ein reknar med mange vil stå langs vegen for å sjå over 40 køyrety av ulike slag.

Deler av programmet er filma i dag, vert redigert og sendt som ein del av Kvinnheringen sine sendingar på 17. mai.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal